

Jakt i undervisning

FoU-oppgåve i naturfag

MGLU3507

Vår 2022

Kaja Færøy Staldvik

Samandrag

I denne oppgåva har eg undersøkt kva for nokre haldningar naturfaglærarar på ungdomstrinnet har til bruk av jakt i undervisning. Fokuset for oppgåva er på om naturfaglærarar sjølv ynskjer å nytte jakt i undervisning, og kvifor eller kvifor ikkje dei ynskjer det. Læraranes argument for å enten nytte eller ikkje nytte jakt i undervisning blir drøfta opp mot relevant litteratur og samfunnsmessige samanhengar. Problemstillinga for oppgåva er difor; *Kva for nokre haldningar har naturfaglærarar på ungdomstrinnet til bruk av jakt i undervisning, og kva argument nyttar dei for bruk eller ikkje bruk av jakt i undervisning?* I tillegg undersøkast det om det er samanheng mellom haldningar og kjønn, bustad og kjennskap til jakt.

For å finne svar på problemstillinga, sendte eg ut ei spørjeundersøking til naturfaglærarar på ungdomstrinn, via Facebook-grupper og rektorar på ungdomskular. Spørjeundersøkinga var ein blanding mellom kvalitativ og kvantitativ, og var anonym. Til saman fekk eg in 29 gyldige svar.

Resultata frå undersøkinga viste at 20 av 29 lærarar ynskjer å nytte jakt i undervisning, og ni av 20 ikkje ynskja det. Argumenta som vart teke i bruk for å nytte jakt i undervisning var varierte, men likevel gjekk fleire argument igjen. Dei mest hyppige argumenta var at jakt i undervisning kan opne for læring om biologi, disseksjon, økologi og samspel. I tillegg ser nokre lærarar at læring om sjølve jakta kan være givande, og at handtering av felt vilt kan være lærerikt og bli nytta tverrfagleg. Andre hyppige brukte argument er krinsa rundt berekraftig utvikling, forvaltning og naturressursar. Nokre lærarar ser også eit potensielt utbyte i form av sosial utvikling og i det å kome seg ut av klasserommet.

Dei lærarane som ikkje vil nytte jakt i undervisning hadde også variert og ulike vektlegging i sine argument, men også her var det nokre argument som var meir hyppige enn andre. Dei mest hyppige var argument krinsa rundt at våpenbruk ikkje er forsvarleg i skulen, og at jakt kan vekke sterke kjensler. I tillegg meiner nokre lærarar at jakta ikkje er relevant for skulen og at organisering av eventuell jakt i undervisning er krevjande.

Innhald

1 Innleiing	4
2 Teori	5
2.1 Naturglede	5
2.2 Økologi, biologisk mangfald og jakt	5
2.3 Uteskule og ekskursjon	6
2.4 Disseksjon	7
2.5 Berekraft	8
2.6 Allmenndanning	8
2.7 Etikk	8
2.8 Haldningar	9
2.9 Læreplan	9
3 Metode	10
4 Resultat og analyse	11
5 Drøfting	14
5.1 Haldningar for jakt	14
5.2 Haldningar mot jakt	16
5.3 Samanhengar mellom kjennskap til jakt, bustad, kjønn og haldningar	18
5.4 Videre drøfting	19
6 Konklusjon og avslutning	21
7 Kjelder	23

1 Innleiing

For meg er jakt ein viktig hobby, som gir meg glede, lærdom, fysisk aktivitet, sosial tilhøyrse, samt godar i form av matauk og ressursar. I tillegg gir det meg gode kjensler å bidra til forvaltning. Tanken om forvaltning, naturglede og helse er noko eg håpar blir vidareført til nye generasjonar. Ein av metodane for å overføre kunnskap om blant anna jakt, forvaltning, berekraft og økologi, er via bruk av jakt i undervisning. Mykje av jakta sitt innhald kan sjåast i samanheng med læreplanen, samt Sjøberg (2009, s. 202) sitt utsegn om at naturfaget skal fremja naturglede, respekt for naturen og vilje til å verna om naturen og miljøet. Jakt er for meg positivt, men sjølv om interessa ligg i botn kan eg samstundes sjå at det finnes motsetningar, og sjå moglege hindringar og vanskar for å gjennomføre jakt i undervisning. Difor ynskjer eg å undersøke kva for nokre tankar og haldningar naturfaglærarar har kring dette temaet, og om jakt er noko dei sjølv kunne ta i bruk i undervisning. I denne oppgåva ynskjer eg å dermed å finne svar på problemstillinga; *Kva for nokre haldningar har naturfaglærarar på ungdomstrinnet til bruk av jakt i undervisning, og kva argument nyttar dei for bruk eller ikkje bruk av jakt i undervisning?*

Foreløpig finns det ikkje særleg mykje forskning på kva lærarar tenkjer om jakt i undervisning eller om dei vil nytte jakt i undervisning, og eg ser det som relevant for naturfaget å drøfte kva for nokre fordelar, ulemper og hindringar jakt i undervisning kan medføre. Dette kan hjelpe lærarar i å vurdere om ein skal ta i bruk jakt i undervisning eller ikkje.

2 Teori

2.1 Naturglede

Naturfag skal spesifikt fremja naturglede, respekt for naturen og vilje til å verne om naturen og miljøet (Sjøberg, 2009, s. 202). I overordna del av læreplanen finn vi avsnitt 1.5 i *verdigrunnlaget i opplæringa*, som omhandlar *respekt for naturen og miljøbevisstheit*. Her blir det greia ut at «skolen skal bidra til at elevane utviklar naturglede» og at elevane «skal få oppleve naturen og sjå han som ei kjelde til nytte, glede, helse og læring» (Kunnskapsdepartementet, 2017). Videre finn vi at «elevane skal utvikle bevisstheit om korleis levesettet til menneska påverkar naturen og klimaet, og dermed òg samfunna våre» (Kunnskapsdepartementet, 2017). For at elevane skal få «oppleve naturen og sjå han som ein kjelde til nytte, glede, helse og læring», er det naturleg å vere ute i naturen. Grunnleggjande for ynskje om å bevare natur og biologisk mangfald er kunnskap om, forståing av, undring over og glede ved naturen (Staberg et al., 2020, s. 364).

2.2 Økologi, biologisk mangfald og jakt

Det har vore ei klar endring av tilnærmingane i læreplanen som i følgje Staberg et al. (2020, s. 344) kan oppsummerast slik: frå å lære namn på ein rekke plantar og dyr, til å kunne forstå korleis organismane i naturen inngår i dei store økosystema. Praktiske tilnærmingar i det å tileigne seg kjennskap til biodiversitet er viktig, og det som skulen si undervisning kan tilby som skjermviste bilete ikkje kan, er det taktile og det direkte observerbare. Ambisjonen i arbeidet med økologi i skulen, er å knytte delar saman i ein heilskap der elevane klarar å sjå samanhengar i forståinga av naturen, men også i vidare forstand som grunnlag for forståing av miljøutfordringar og berekraftig utvikling (Hokayem & Gotwals, 2016, i Staberg et al., 2020, s. 351). Det er nyttig med konkret undervisning i utvalde delar for å gjere elevane i stand til å byggje forståinga for heilskapen (Staberg et al., 2020, s. 351).

Jakt kan definerast som det å oppspore og felle (avlive) eller fange ville dyr og fuglar (Kirkemo et al., 2021). I følgje Miljødirektoratet (2018a), som har det overordna ansvaret for forvaltning og regelverk kring jakt og fangst, skal all jakt i Noreg utøvast slik at naturen sin produktivitet og artsrikdom bevarast. Dei påpeiker også at jakt er både friluftsliv óg regulering av viltbestandar. Forvaltning av vilt skal være berekraftig og jakt og fangst skal være human (Miljødirektoratet, 2018a).

Jakt er ein del av vår kulturarv, og er ein utbreidd folke- og fritidsaktivitet i Noreg. Å hauste av naturens overskot, og utnytte viltet som ein matressurs, er historisk og tradisjonell

motivasjon for å drive jakt (Rådet for dyreetikk, 2007). I tillegg er regulering og jakt av visse artar nødvendig for å holde ein viss balanse i naturen, særleg med fråvær frå naturlege predatorar, og fordi ein stor eller auka bestand kan ha negative konsekvensar, som til dømes ulykker i trafikken eller øydelegging av skogdrift (Rådet for dyreetikk, 2007). Sjølv om nytte og nødvendigeheit kan være store motivasjonsfaktorar, oppgjer dei fleste jegerar i følgje Rådet for dyreetikk (2007) at naturopplevingar og kameratskap er det viktigaste motivet med jakta. Jakt kan i tillegg gi spenning, mosjon, rekreasjon, samhald og tilhøyrse.

Det har vokse fram ein aukande positivitet til jakt, og ifølgje NJFF (2020) er heile fire av fem nordmenn grunnleggjande positive til jakt, og ni av ti har tillit til at jakta går føre seg på ein human og forsvarleg måte. Samstundes finn vi motsetnadar som ikkje synes noko om jakt, og meiner jakt ikkje kan forsvarast moralsk. Blant anna finns organisasjonar, som t.d. NOAH - *for dyrs rettigheter*, som meiner at jakt påfører dyr liding og er ein av hovudårsakane til at fleire artar er utrydningstrua (NOAH, 2021). Verneorganisasjonar har fått store oppslutningar dei siste åra, og NOAH har no over 16000 medlemmar (NOAH, personleg kommunikasjon, 06.05.2022).

Det finns også eit engasjement kring rovviltjakt i Noreg, kor blant anna verneorganisasjonar vil ha slutt på eller avgrense jakt på rovvilt, fordi alle dei store rovdyra i Noreg er på norsk raudliste (NOAH, 2021; Artsdatabanken, 2021). Det vil seie at artane, ifølgje Klima- og miljødepartementet (2021), har ein risiko for å døy ut i Noreg. Både jerv og gaupe har status som sterkt trua på raudelista, men det går likevel føre seg lisens- eller kvotejakt på desse artane for å regulere og forhindre skadar (Miljødirektoratet, 2018b; Miljødirektoratet, 2018c). Det er også lisensfelling på ulv, som har status som kritisk trua på raudlista (Artsdatabanken, 2021; Miljødirektoratet, 2018d). Stortinget har satt bestandsmål eller «mål for kor mange ungekull vi skal ha av kvar einskild art, og talet på rovdyr er sett lågt av omsyn til beitedyr» (Klima- og miljødepartementet, 2021). Når bestanden er over måla, som t.d. jervbestanden har vore over lengre tid (Miljødirektoratet, 2018c), kan det settast in tiltak for å kome nærare måla, som t.d. jakt (Miljødirektoratet, 2018a).

2.3 Uteskule og ekskursjon

I undervisning om økologiske tema, kan ekskursjonar og feltarbeid være sentralt.

Undersøkingar har vist at feltarbeid kan gje elevane auka sjølvtilit, fungere som relasjonsbygging, og i tillegg kan det gje auka interesse for naturfaget (Amos & Reiss, 2012). Sjølv om uteundervisning kan ha sine godar, peiker Iversen (2018) på seks hovudutfordringar

i forbindelse med uteundervisning, deriblant *tid*. Både planlegging og reise krevjar tid, og i tillegg bør ein sette av tid til refleksjon både under og etter undervisninga for å oppnå varig læring (Iversen, 2018).

Med det auka trykket på testing som vi ser i skulen, opplevast det oftast som tryggast å ha undervisninga inne for å kome gjennom kompetansemåla, da det kan opplevast som meir effektivt og ikkje er like tidskrevjande som uteundervisning (Sinnes, 2021, s. 147). Imidlertid har fleire doktorgradar som er gjennomført i Noreg vist at elevane har stort læringsutbytte når undervisninga går føre seg utanfor skulen (Iversen, 2017; Gabrielsen, 2019; Eikeland, 2020, i Sinnes, 2021, s. 147).

Med uteundervisning vil ein kunne ha mykje variasjon, og ein vil imøtekomme elevar som lærar på ulike vis. Å være ute, sanse og bruke kroppen vil gje elevane som kanskje ikkje opplever meistring i eit tradisjonelt klasserom, opplevinga av å blomstre og få meistringskjensle. Ifølgje Sinnes (2021, s. 149), vil elevar med samhandling med andre elevar kunne utvikle andre relasjonar enn ein ville utvikla i eit klasserom. Å være på tur saman kan knytte andre relasjonar mellom elevar og mellom lærarar og elevar, og det kan være viktig å styrke dei sosiale banda i klassen, da det kan auke forutsetningane for god læring (Sinnes, 2021, s. 149).

Van Marion (2015c, s.157) meiner at mykje tyder på at det kan være ein samanheng mellom positive naturopplevingar i barndommen og miljøbevisste haldningar seinare i livet.

Opplevingar i naturen kan altså gje ein affektiv påverknad (van Marion, 2015c, s. 158).

2.4 Disseksjon

Disseksjon kan ifølgje Søreide (2020) definerast som å «blottlegge, skjære opp sturkturer som vev eller organer i forbindelse med anatomiske undersøkelser eller ved obduksjon».

Disseksjon som metode har lang tradisjon i naturvitskap, men i skulesamanheng er det færre reelle disseksjonar no enn før (Tandberg & Vidnes 2007 i Staberg et al., 2020, s. 457).

Årsakene er samansette, men fagleg bakgrunn hos lærarar og tilgang på disseksjonsmateriell er årsaker som har blitt lagt fram av lærarar (Tandberg & Vidnes 2007 i Staberg et al., 2020, s. 457). Staberg et al. (2020, s. 458) peiker på at dersom elevane skal vere med på avliving i forkant av disseksjon – og ellers, er det viktig at grunnleggjande reglar for dyrevern overhaldast. Dei nemnar også at bioetiske spørsmål er viktige, og at elevane treng tid og fakta for å diskutere dette. Tid er ein viktig faktor i arbeid med disseksjon, da disseksjon kan fort (berre) bli hendingar og eit praktisk arbeid, med mindre grad av refleksjon, og ikkje tid for forståing i ein større systemforståing (Staberg et al., 2020, s. 459).

2.5 Berekraft

Spørsmål knytt til berekraftig utvikling handlar ofte om verdier, og når ein skal ta stilling til verdispørsmål, vil mange seie at det ikkje finns noko svar som er riktig eller gale for alle menneskjer overalt, fordi vi som enkeltindivid har ulike verdier (Sinnes, 2021, s. 30). SN sine 17 berekraftsmål skal gi ein retning og tydelege mål for korleis vi kan oppnå ein berekraftig utvikling. Blant desse måla, finn vi mål 4 som omhandlar utdanning, og delmål 4.7 peiker på utdanninga si rolle for å gje elevane den kompetansen dei vil trenge for å kunne bidra til ein meir berekraftig utvikling (FN-sambandet, 2022). I ei nordisk undersøking gjort av TNS Gallup m.f. i 2016 (i Sinnes, 2021, s. 44) kom det fram at berre 27% av elevane som deltok i undersøkinga svarte at dei fekk inspirasjon til ein meir berekraftig livsstil gjennom skulen. Sinnes (2021, s. 55) nemnar fem punkt som kjenneteiknar utdanning for berekraftig utvikling, deriblant at skulen må vere ein arena for å lære å leve på eit berekraftig vis.

2.6 Allmenndanning

Naturfag skal i følge Sjøberg (2009, s. 181) være allmenndannande, og er eit av dei viktigaste faga i skulen. Skulen sin visjon om at fag skal fremje danning, eller vere allmenndannande, går ut på at skulen skal bidra til at elevane utviklar seg til individ som er i stand til å delta på ein sjølvstendig, reflektert og kritisk måte i vårt samfunn (Sjøberg, 2009, s. 41). Videre peiker Sjøberg (2009, s. 186) på to ulike tradisjonar i diskusjonane om legitimering av vitenskap, kunst, kultur og kunnskap, nemleg danning og nytte. Medan nyttetradisjonen stiller spørsmål om kva for ein nytte ein har av å lære om dette, er danningstradisjonen krinsa rundt at refleksjon, erkjenning, innsikt og forståing blir oppfatta som det sentrale i eit meningsfullt liv (Sjøberg, 2009, s. 186). Sjøberg (2009, s. 187) meiner at i dei siste tiåra er det nytteargumentet som har prega naturfaga mest.

2.7 Etikk

Når naturfaget blir sette i ein annan samanheng enn den tradisjonelle, kjem ein ikkje utom etikk og moral. Spesielt blir dette tydeleg når ein tek opp sosiovitenskaplege problemstillingar - altså emnar elevane ofte er sterkt engasjert i (Sjøberg, 2009, s. 420). Men ifølge Sjøberg (2009, s. 420) er naturfaglærarar stort sett ikkje godt skolerte til å behandle etiske og kontroversielle problemstillingar, så her står ein overfor pedagogiske utfordringar.

Å sjå noko i etisk perspektiv er å være oppteken av kva ein meiner er rett og galt i ein gitt samanheng (van Marion, 2015c, s. 147). Yrkesetikk er eit omgrep som tyder til at det eksisterer visse moralske og etiske normer innan bestemte yrkesgrupper, til dømes har

læreryrket ein yrkesetikk som angir kva som absolutt er uakseptabelt og kva som oppfattast som riktig og rett (van Marion, 2015c, s. 147).

2.8 Haldningar

Nergård (2015, s. 66) definerer haldningar som dei kjenslene ein person har om eit objekt, basert på meiningane personen har om det same objektet. Å innta ei haldning er å gjere eit etisk val. Til grunn for eit slikt val ligg en avveining og prioritering av våre verdier (van Marion, 2015c, s. 152). Den affektive komponenten, eller kjenslemessige faktorar spelar ofte ein avgjerande rolle når haldningar blir danna (van Marion, 2015c, s. 156).

Våre haldningar dannar grunnlaget for våre handlingar, og jo meir positive eller spesifikke haldningar ein har i ei sak, jo større er sjansen for å faktisk gjennomføre. Det kan også forsterkast og kontinuerast, med at handling gir ei kjensle, som så forsterkar haldning (van Marion, 2015c, s. 158).

2.9 Læreplan

Verken disseksjon eller jakt er direkte innlemma i læreplanen frå 2020, men ut ifrå tema, verdier eller mål i læreplanen, kan ein likevel vurdere element i jakt og disseksjon som aktuelt for undervisning. Til dømes er berekraftig utvikling, samt folkehelse, svært sentrale tema i dagens læreplan. I tillegg finn vi stikkord som naturglede, miljøbevisstheit, naturressursar, biologisk mangfald, økologi og fysiologi i læreplan(ane). Tema, verdier og mål som kan bli knytt til element innan jakt finn du i tabellen i *vedlegg 8.1 Læreplan*. Tabellen viser kva og kor du finn aktuelle tema knytt til element i jakt i Kunnskapsløftet 2020.

3 Metode

I denne oppgåva har eg valt å nytte spørjeundersøking for å finne svar på problemstillinga. Eg utforma difor ei spørjeundersøking meint for naturfaglærarar på ungdomstrinnet, og nytta nettskjema hos UiO for innsamling av data. Undersøkinga var ei blanding mellom kvalitativ og kvantitativ undersøking, og inneheld ti spørsmål. Dei fem første spørsmåla er meint som kartlegging av kjønn, bustad, alder, kjennskap til jakt og for å bekrefte at svararen er naturfaglærer på ungdomstrinn. Fire av dei resterande spørsmåla var med tekstsvar, og eit spørsmål var avkryssing for om læraren kunne tenkt seg å nytta jakt i undervisning eller ikkje. Ingen av spørsmåla var obligatoriske å svara på, bortsett frå spørsmål 1; om man er naturfaglærer på ungdomstrinn. I spørjeundersøkinga har eg bevisst valt å ikkje nemne stikkord som etikk, naturglede, våpen, osv., da eg ynskja at dei som svara skulle skrive det dei sjølv tenkte, og ikkje bli påverka av mine føringar. Skjermdump av undersøkinga finn du i *vedlegg 8.2 skjermdump av spørjeundersøkinga*.

Undersøkinga vert lagt ut på gruppene «Uteundervisning i naturfag og naturbruk» og «Naturfagdidaktikk» på Facebook, samt sendt til rektorar rundt omkring i Noreg. Innbydinga til å delta på spørjeundersøking finn du i *vedlegg 8.3 Skjermdump av innbyding til deltaking på spørjeundersøking*. Til saman fekk eg samla inn 35 svar, korav 29 av desse var gyldige, altså at dei er naturfaglærarar på ungdomstrinn.

Tilarbeidinga av datamaterialet gjekk hovudsakleg ut på koding av haldningane, men også noko koding av personalia for å kartleggje bustad og kjennskap til jakt, for lettare å kunne undersøkje eventuelle samanhengar. I kodinga av kjennskap til jakt, valte eg å sette alle som jaktar, uansett storvilt, småvilt eller lisens, i same kode. Kodinga for haldningane vart utført med induktiv metode, da eg laga koder ut frå materialet. Kodinga finn du i *vedlegg 8.4 og 8.5*.

I tilarbeidinga av datamaterialet ville eg hovudsakeleg finne ut kor mange som ville eller ikkje ville nytta jakt i undervisning, og sjå på deira grunngevingnad, da dette kan være ein god peikepinn på kva for nokre haldningar dei har til jakt i undervisning. Utover tilarbeidinga, ville eg også undersøkje om det var nokre samanhengar mellom kjønn, bustad, kjennskap til jakt eller alder, og deira haldningar til bruk av jakt i undervisning.

Ein fordel med denne metoden er at spørjeundersøking er tidssparande i forhold til intervju, særleg om ein ser bort frå tid til koding og tilarbeiding. Etikkmessig er undersøkinga både frivillig å delta på, samt den sikrar deltakaranes anonymitet. Sett med eit kritisk blikk, kan ei


slik undersøking som er basert på frivilligheit, føre til at berre er dei mest interesserte eller dei med sterkast meininger og haldningar svarar. Ei anna ulempe er at ikkje kunne avklare misforståingar slik som til dømes eit intervju eller fullstendige kvalitative undersøkingar kan, da ein ikkje kan stille oppfølgingsspørsmål eller lese kroppsspråk. Til gjengjeld kan ein nå ut til fleire, og få fleire svar, slik at vi kanskje får ein balanse i reliabilitet og validitet.

4 Resultat og analyse

Undersøkinga ga eit resultat kor 20 av 29 lærarar på ungdomstrinnet uttala at dei ynska å nytte jakt i undervisning dersom dei hadde hatt moglegheit. Dei resterande 9 lærarane ynskja ikkje å nytte jakt i undervisning. Alle dei 20 som ynskja å nytte jakt i undervisning, hadde generelt positive haldningar til jakt. Av dei som svara at dei ikkje ville nytta jakt i undervisning dersom dei hadde hatt moglegheit, var det éin som likevel hadde generelt positive haldningar til jakt i undervisning, men grunnjevna for at han ikkje ville nytte jakt var at han ikkje var jeger. Når eg snakkar om positive haldningar til bruk av jakt i undervisning, vil han bli innlemma i denne gruppa, medan når eg snakkar om å ynskje å nytte eller ikkje nytte jakt i undervisning, blir han innlemma i gruppa som ikkje ynskjer å nytte jakt.

Blant dei 20 som ynskja å nytte jakt i undervisning, finn vi varierende argument for at det kan vere lønnsamt å nytte jakt. Sjølv om det er ein stor variasjon i argumenta, kan vi óg sjå at fleire lærarar nyttar same argument. I *tabell 1* kan vi sjå kva for nokre argument som blir bruk for å nytte jakt i undervisning, og korleis hyppigheita av desse er blant lærarane i undersøkinga.


Tabell 1: Argument for å bruke jakt i undervisning.



Sjølvs om dei som ynskja å nytte jakt og med positive haldningar til jakt i undervisning hadde mange argument for å bruke jakt, var det også nokre ulemper med bruk av jakt i undervisning som vart nemnt i svara deira. Nokon nemna blant anna at organiseringa kan vere ei utfordring, med tanke på tid, jaktlag og område. I tillegg påpeika to av lærarane at dei sjølv ynskja meir kompetanse før dei eventuelt ville dratt på jakt med elevar. Ein lærar nemnde også at våpen kan vere utfordrande, men ikkje kvifor, mens ein anna nemna sikkerheit som eit stikkord. Ein anna lærar skreiv også at nokre elevar kan ha eit meir sentimentalt syn på jakt, og at bruk av jakt vil kunne føre til uheldige situasjonar, då elevar kan synes det er ekkelt.

Dei ni lærarane som ikkje ynskja å nytte jakt i undervisning hadde også variasjon i sine argument. I *tabell 2* ser vi kva for nokre argument som ble nytta for å ikkje nytte jakt i undervisning, samt hyppigheita av argumenta blant dei 9 lærarane som ikkje ynskja å nytte jakt i undervisning.

Tabell 2: Argument for ikkje å bruke jakt i undervisning.



I likskap med dei som ville nytte jakt i undervisning, som også såg ulemper med bruk av jakt, såg også nokre av dei som ikkje ynskja å nytte jakt fordelar med bruk av jakt. Ein lærar nemna blant anna berekraft og forvaltning, mens ein anna nemna at det kan vere givande å sjå korleis organismar lev i sitt miljø. I tillegg var det ein lærar som påpeika at bruk av snarar eller fellar kan fungera, slik at skytevåpen ikkje blir ein del av undervisning.

Enkelt svar og svara på spørjeundersøkingane med koding finn du i *vedlegg*. Her ser vi ein klar tendens til at dei som er negative til bruk av jakt i undervisning, og som ikkje ynskja å nytte jakt i undervisning, har generelt mindre utfyllande svar enn dei som vil nytte jakt i undervisning.

I *metode* nemnde eg at eg også laga kodar for datamaterialet på kjennskap til jakt og på bustad. *Tabell 3* viser korleis meiningane om å nytte jakt i undervisning er spreidd over dei ulike kjennskapane til jakt, medan *tabell 4* viser korleis spreinga er for læraranes bustad.

Tabell 3: Kjennskap til jakt og ynskje om å nytte jakt i undervisning.

	Ikkje jegerprøva, ikkje nære vener/familie som jaktar	Ikkje jegerprøva, har nære vener/familie som jaktar	Har jegerprøva, jaktar ikkje	Jaktar	Totalt
Vil nytte jakt i undervisning	2	8	4	6	20
Vil ikkje nytte jakt i undervisning	0	7	2	0	9
Totalt	2	15	6	6	29

Tabell 4: Bustad og ynskje om å nytte jakt i undervisning.

	By	Mindre by	Tettstad	Bygd	Totalt
Vil nytte jakt i undervisning	7	5	4	4	20
Vil ikkje nytte jakt i undervisning	1	2	5	0	8
Totalt	8	7	9	4	28

Eg har óg utforma ein krysstabell for fordelinga mellom kjønn og ønske om å nytte jakt eller ikkje. *Tabell 5* viser korleis meiningane om å nytte jakt i undervisning er spreidd blant kvinner og menn.

Tabell 5: Kjønn og ynskje om å nytte jakt i undervisning.

	Mann	Kvinne	Totalt
Vil nytte jakt i undervisning	11	9	20
Vil ikkje nytte jakt i undervisning	4	5	9
Totalt	15	14	29

5 Drøfting

I undersøkingssvara og i resultatdelen finn vi eit mangfald av svar og grunngevingar for haldningar til jakt i undervisning. Også innerter i kategoriene «vil ikkje nytta jakt i undervisning» og «vil nytta jakt i undervisning» ser vi ein stor variasjon i grunngevinga for kvifor eller kvifor ikkje dei vil nytta jakt.

5.1 Haldningar for jakt

Dersom vi først ser på grunngevingane for å nytte jakt frå dei som vil nytte jakt i undervisning, finn vi mange stikkord og tema som kan ta del i undervisninga. I *tabell 1* ser vi at det temaet som flest lærarar nemnar er biologi/organ/disseksjon, som heile åtte av 20 lærarar nemnte. Dersom ein er på jakt og er så heldig å få felt vilt, vil ein naturleg etterfølgje være å slakte viltet, med blant anna å vomme ut (på visse vilt). I tillegg skal kjøtet (ofte) takast vare på, og ein må dermed partere dyret. Ein kan ifølgje Søreide (2020) kalla dette for disseksjon. For å få lærdom ut av disseksjon, treng elevane tid, noko som er ein svært viktig faktor ifølgje Iversen (2018). Disseksjon i felt kan, i likskap med tradisjonell disseksjon, være nyttig i læring om til dømes respirasjonssystemet, sirkulasjonssystemet eller skjelettet. Ein har her også ein moglegheit til å la elevane utforske sjølv med innvollar ved utvomming, samt hjarta, lunger og lever. Dette kan være med på å la elevane nytte utforskartrongen, som forøvrig er innlemma i læreplanen sin overordna del. Ein stor del av lærarane som vil nytte jakt, meiner altså at læring om biologi, organ og bruk av disseksjon kan være fordelar ved bruk av jakt i undervisning.

Videre i *tabell 1* ser vi at økologi/samspel/landskap er det nest hyppigaste temaet. Sju av lærarane meiner at jakt i undervisning kan inkludere og bidra til forståing og læring om økologi, samspel i naturen og landskap, og dette kan vi sjå samsvar at praktiske tilnærmingar til biodiversitet er viktig. Også teorien om at undervisning av konkrete delar vil hjelpe elevane med forståing av heilskapen, er truleg noko som lærarane har tatt i betraktning her. Ved å nytte jakt, vil elevane få konkret undervisning om ein eller fleire utvalde delar av økologien. Om ein ser på læreplanen, vil også dette temaet kunne bli kopla som fagleg relevant blant naturfag sine kompetansemål, samt i *respekt for naturen og miljøbevisstheit* og i *verdigrunnlaget for opplæringa* i overordna del (sjå *vedlegg 8.1*).

Tverrfaglegheit, berekraft og jakt/handtering/respekt av felt vilt kjem så som noko hyppige grunngevingar for å nytte jakt i undervisning (sjå *tabell 1*). Som vi ser i læreplanen er berekraftig utvikling sentralt som eit tverrfagleg tema, og i jakt vil dette kunne nyttast som

blant anna tema i naturfag og mat og helse. Sjølv handlinga av viltet vil også kunne takast som eit tverrfagleg tema mellom naturfag og mat og helse, då dette kan sjåast i ein biologisk samanheng i naturfaget, og som foredling og ivaretaking av ressursar i mat og helse.

Samstundes er folkehelse eit viktig tema i mat og helse, men også eit tverrfagleg tema (sjå *vedlegg 8.1*) som kan kombinerast med blant anna kroppsøving.

Jakt på visse vilt er jo nødvendig (Rådet for dyreetikk, 2007), og når vilt skal bli jakta på er det naturleg og berekraftig å nytte seg av viltet som ressurs. I forhold til SN sine berekraftsmål og Sinnes (2021), skal skulen gi elevane kompetanse for å kunne leve berekraftig, noko som undervisning kring jakt truleg kan bidra til. Den store delen som peiker på jakt og berekraft blant lærarane som vil nytte jakt i undervisning, kan ha støtta seg på dette og tenkt at skulen må gi inspirasjon til elevane for korleis dei kan leve berekraftig, da delen av elevar som føler dei får inspirasjon er ganske lav (TNS Gallup m.f., 2016, i Sinnes, 2021). Jaktundervisning kan generelt gi lærdom om utnytting av naturressursar på ein berekraftig måte, og kan også innlemme andre naturressursar enn jaktbare vilt, som til dømes bær og sopp, for å gi inspirasjon til ein berekraftig livsstil i samsvar med Sinnes (2021) sine utsegn.

Argumentet om læring om regulering og forvaltning kjem også til syne i fleire svar (sjå *tabell 1*), og kan sjåast i samanheng med Rådet for dyreetikk (2007) sine påstandar om at regulering av viltbestandar er nødvendige. I tillegg kan dette koplant til læreplanen i naturfag, kor tap av biologisk mangfald og utnytting av naturressursar er tema (sjå *vedlegg 8.1*). Å delta på jakt gir ein unik moglegheit til å lære om nødvendigheita av regulering, særleg om ein deltar over lengre tid eller følgjer utvikling av visse artar i eit område over tid. Rådet for dyreetikk (2007) peiker ut skade på skogdrifta og ulykker i trafikken som nokre av dei negative konsekvensane som kan kome av auking av visse artsbestandar, og dette er som nemnt noko av motivasjonen for jakt. Om ein klasse kan delta og følgje utviklinga – til dømes om det skjer noko endring dersom uttaket av ein art aukar – vil ein enklare, og visuelt kunne få ei forståing av at forvaltning og regulering av bestandar er nødvendig og berekraftig. Også i samsvar med Staberg et al. (2020) sine utsegn om økologiundervisning, vil dette med å auke forståinga av ein konkret del av økologien gjere elevane i stand til å byggje forståing for heilskapen.

Argument knytt til tema som samhandling, miljøskifte, samlande effekt, spenning, glede og rekreasjon kan i likskap med fleire nemnde argument, koplant til læreplanen. I tillegg kan det knyttast til Sjøberg (2009) sine utsegn om at naturfaget skal fremja naturglede og til Sinnes (2021) sine utsegn om at dei sosiale banda i klassen kan styrkast ved å være på tur saman. Læreplanmessig og knytt til Sjøberg (2009) og Sinnes (2021), skal skulen bidra til at elevane

utviklar naturglede og skal få oppleve naturen, samt sjå han som ei kjelde til nytte, glede, helse og læring, noko som nokre lærarar meiner jakt kan bidra til. Dette kan vidare bidra til eit godt klassemiljø og auke føresetnadane til god læring generelt. Ein kan altså tene på dette i ein større samanheng. Lærarane som argumenterer med dette, ser truleg nytten av at ekskursjonar eller uteundervisning betrar klassemiljøet, som Amos & Reiss (2012) påpeiker, og tenkjer kanskje at jakt, på lik line som anna undervisning utanfor skulen, kan gi sosiale godar. Dette kan i seg sjølv vere verdifullt, sjølv om denne sosiale utviklinga ikkje er målbar. I forhold til Sinnes (2021) sitt utsegn om at kunnskapstestar og resultat oftast er vurdering av læring, blir ikkje jakt i undervisning særleg effektivt, men lærarane som argumenterer med sosiale eller dannelsesargument ser truleg at ikkje-målbar lærdom (på testar) er viktig. Om vi også ser på jegerar sin motivasjon for å gå på jakt, har naturopplevingar og kameratskap stor betydning for jaktutøvinga.

Enkelt kan vi summere med at mange av argumenta som lærarane bruker for å forsvare nytting av jakt i undervisning, kan koplast til læreplanen. Vi har sett at argument som tverrfaglegheit og berekraft gjenspeglast i læreplanane, både i den overordna delen og i læreplanane for fag som naturfag, kroppsøving og mat og helse. Argument krinsa rundt biologi, økologi, forvaltning og sosiale argument, samt glede, spenning, rekreasjon kan også koplast til læreplanen. I *tabell 1* ser vi også at ein av lærarane har argumentert med at jakt i undervisning kan bli knytt til læreplanen, noko vi no har sett.

5.2 Haldningar mot jakt

Dersom vi ser på *tabell 2*, ser vi at det mest hyppige nytta argumentet for ikkje å nytte jakt i undervisning, er relatert til våpen. Blant anna at våpen er uforsvarleg eller ikkje noko skulen skal vere i regi av. Sjølv om det «berre» er tre lærarar som argumenterer med dette, utgjer det likevel ein tredjedel av dei som ikkje ynskja å nytte jakt i undervisning. Våpenbruk og skot kan truleg for nokre elevar (og lærarar), særleg mtp flyktningar, vekkje vonde minner eller stress. Både elevar og lærarar kan ha traumer frå blant anna krig, og bruk av våpen i skulesamanheng kan da være stressande og ein stor psykisk påkjenning. I tillegg kan fleire elevar utan traumer, vere redde for våpen, blant anna frå nyheiter. Dette kan vi kople til van Marion sin teori om affektiv komponent, kor dårlege erfaringar kan gi negative haldningar og assosiasjonar. Dette finn du meir om i delkap. 5.4 *Videre drøfting*.

Argumentet om at jakt ikkje er relevant for skulen blir som vist i *tabell 2* nytta av to lærarar. Jakt er berre éin av mange moglegheiter for læring om forskjellige tema eller utvikling av

naturglede. Lærarane som meiner jakta ikkje er relevant for skulen, har truleg andre – kanskje meir tilgjengelege eller effektive – måtar å oppnå måla i læreplanen og krava til den overordna delen. Her kan vi sjå på dette argumentet som at jakt ikkje har nytte i utdanninga, og at nytteargument stillar sterkare enn dannelsesargument, slik Sjøberg (2009) også beskriv. Det at dei meiner jakt ikkje er relevant kan også være eit teikn på at dei ikkje ser kva ein kan nyttegjere seg av ved å bruke jakt, eller at dei har lite kunnskap om jakt.

Argumenta om at jakt kan vekke sterke reaksjonar eller kjensler, og er tabubelagt (sjå *tabell 2*), viser til at kanskje ikkje alle liker jakt eller ikkje synes jakt, avliving eller daude dyr er greitt. Jakt bringer fram etiske spørsmål, gjerne krisa rundt det å ta livet til ein anna organisme, og kan være vanskelege spørsmål. Sjølv om jakt er nødvendig (Rådet for dyreetikk, 2007), vil mange, til dømes NOAH, meine at det ikkje er etisk riktig å ta eit anna liv. I undersøkinga ser vi at nokre lærarar meiner det ikkje er etisk riktig å ta med elevar på dette, altså at dei meiner yrkesetikken i læraryrket strider mot å bruke jakt i undervisning. Særleg om det er eit sterkt engasjement blant elevane, om at dyra har «rett på liv», slik som t.d. NOAH har, kan det være problematisk å innføre jakt i undervisning. Med slike sosiovitenskaplege problemstillingar, peiker Sjøberg (2009) på at naturfaglærarar stort sett ikkje er godt skolerte til å handtere slikt, og med dette kan truleg nokre lærarar synes det er enklare å la være – altså la være å nytte jakt. Nokre lærarar kan også sjå på jakt som uetisk og umoralsk i seg sjølv, blant anna kring rovviltforvaltninga for raudelista artar, slik som t.d. NOAH, og vurdere jakt som noko skulen ikkje bør introdusere elevar for.

Organisering og «ikkje gjennomførbart» er argument som óg kan veie mykje i spørsmål om ein skal nytte jakt eller ikkje. Blant lærarane som ikkje vil nytte jakt, kjem dette som argument (sjå *tabell 2*). I tillegg er det ein lærar som argumenterer med «er ingen jeger», og med dette kanskje treng hjelp med organisering, eller kanskje ikkje vil ha hjelp, medan han ikkje vil nytte jakt. I forhold til Iversen (2018) som oppgjer tid og reiseavstandar som utfordringar for uteundervisning, vil organisering være eit reelt argument. Dersom ein ikkje hadde hatt avgrensingar for både tid for planlegging og tid i felt, samt etterarbeid, ville jakt i undervisning truleg vore meir tilgjengeleg og mogleg.

Eit interessant funn blant argumenta mot jakt i undervisning er objekt nr. 4 (sjå *vedlegg 8.5*), som grunngir at ho ikkje vil nytte jakt i undervisning med blant anna at ein heller kan dra på eit slakteri i staden. Det som er interessant med dette, er at jakt og industriell kjøtproduksjon er to vidt forskjellige ting. Dersom målet er å sjå daude dyr, korleis kjøt blir masseprodusert eller skore ned, kan det å dra på eit slakteri være læringsrikt, men dersom målet er å oppnå

naturglede, lære om økologi og få ta del i disseksjonen sjølv, er truleg slakteriekskursjon ikkje særleg givande. På eit slakteri vil ein mest sannsynleg ikkje få ta del i skjæringa og utforskartrongen, som forøvrig er festa i læreplanen, vil ikkje få utløp. Derimot vil jakt kunne ta del i fleire dimensjonar i skulen og naturfaget, og er ifølgje meg ikkje samanliknbart på visse områder med eit slakteri.

5.3 Samanhengar mellom kjennskap til jakt, bustad, kjønn og haldningar

Ut i frå *tabell 3* kan vi sjå at alle dei som er jegerar, ynskjer å nytte jakt i undervisning. Dette kan koplust til van Marion (2015c) sin teori om affektiv komponent. Dei som har vore med på jakt eller jaktar, og hatt positive opplevingar i den sambinding, vil ifølgje teorien, utvikle positive kjensler til det å jakte, og med dette kjem positive haldningar til jakt. Óg jo fleire positive opplevingar og kjensler ein får til jakt, jo meir vil haldningane oppretthaldast og bli forsterka.

I tabellen (*tabell 3*) ser vi også at alle dei som ikkje har noko kjennskap til jakt, verken via jegerprøva eller vener/familie, også vil nytte jakt i undervisning. Det skal påpeikast at dette berre gjeld for to av lærarane, men likevel alle som ikkje har kjennskap til jakt i undersøkinga. Dei som ikkje ynskjer å nytte jakt i undervisning er fordelt på dei som «ikkje har jegerprøva, men nære vener/familie som jaktar», og dei som «har jegerprøva, men ikkje jaktar». Ein skulle kanskje trudd at dei som sitt med mykje kunnskap om jakt, ville vore dei som ville nytte jakt i undervisning, og dei som sitt med lite eller ingen kunnskap om jakt ikkje ville nytte det. Mi undersøking viser derimot at dei som har litt kjennskap til jakt, men ikkje jaktar, er dei som er mest skeptisk til bruk av jakt i undervisning. Her må vi sjølvsagt sjå dette i samanheng med tal på svar på undersøkinga, og at dette ikkje gjeld for alle lærarar, men berre for mi undersøking.

I *metode* peika eg på at ei mogleg utfordring med denne type undersøking er at berre dei mest interesserte eller dei med sterkaste haldningar vil svara. *Tabell 3* viser at dette ikkje nødvendigvis gjaldt for mi undersøking, da det er svar frå alle kategoriane inne *kjennskap til jakt*. Likevel kan ein stille spørsmål om fordelinga er gjennomsnittleg fordelt på kategoriane eller ikkje, da eg ikkje veit korleis gjennomsnittsfordelinga blant naturfaglærarar generelt er. Sjølv om svara kjem frå lærarar med ulik kjennskap til jakt, kan vi sjå at dei fleste lærarane enten er tydeleg for eller tydeleg mot bruk av jakt i undervisning, noko som eg tar opp i delkapittel 5.4, som likevel kan tyde på at undersøkinga kanskje fanga dei med sterkaste haldningar.

Dersom vi rettar merksemd til *tabell 4*, kan vi sjå at alle som bur på bygda er positive til bruk av jakt i undervisning. Samstundes ser vi at fleirtalet som bur i tettstad, ikkje vil nytte jakt i undervisning, men óg at alle, bortsett frå éin, som bur i by, ynskjer å nytte jakt i undervisning. Tilsynelatande kan det sjå ut som at det ikkje er noko sterk samanheng mellom det å bu tett eller spreidd, og det å ville nytte jakt eller ikkje, men her igjen må vi hugse at talet på deltakarar på undersøkinga er forholdsvis lågt. Må også være merksemd på at ein av lærarane ikkje har svart på spørsmål om bustad, og at ein også må være varsam med å kategorisere og dra slutningar ut frå bustad, da mange kan opphavleg være frå ein anna stad enn dei bur.

Tabell 5, som viser korleis fordelinga på å ynskje eller å ikkje ynskje å nytte jakt kombinert med kjønn er, ser vi at fordelinga er ganske jamn, og at det ikkje ser ut til å være ein sterk samanheng mellom kjønn og meining om å nytte jakt. Her ser vi at fire av elleve menn og fem av ni kvinner ikkje vil nytte jakt i undervisning, noko som er ei ganske lik fordeling.

5.4 Videre drøfting

Noko som eg meiner óg kan være interessant å drøfte, er korleis nokre lærarar (med negative haldningar til jakt) peiker på at våpen ikkje har noko i skulen å gjere, mens nokre lærarar (med positive haldningar til jakt) ser ein moglegheit om å lære om våpensikkerheit og våpenreglar ved nytting av jakt i undervisning. Korvidt ein skal dra in våpen i skulen, er ikkje noko eg har undersøkt eller skal uttala meg om, men det at nokre lærarar ser moglegheiter der andre ser ulemper, er interessant. Dette kan ha med den affektiv komponenten (van Marion, 2015c) å gjere, altså kva for nokre opplevingar eller kjensler læraren har til våpen. Nokre kan ha erfaringar frå jakt sjølv, skytetrening, konkurranseskyting eller militærtjeneste. Andre kan stort sett ha innspel frå nyhende eller sosiale medium. Dersom ein sjølv jaktar, vil ein truleg ha eit positivt forhold til våpen, med kjennskap til både reglar og sikkerheit, men dersom ein ikkje har noko særleg forhold til våpen, anna enn nyhende frå krig og elende, vil ein truleg være meir skeptisk, kritisk eller negativ. Forøvrig ser vi i undersøkingssvara at dei som er negative til våpen i skulesamanheng, er lærarar som enten ikkje har jegerprøven, eller som ikkje jaktar (sjå *vedlegg 8.5*). Motsett kan vi sjå at dei som ser moglegheit for lærdom om våpensikkerheit og -reglar, har jegerprøva (sjå *vedlegg 8.5*).

Likedan ser vi på vegetarargumenta (sjå *tabell 2* og *vedlegg 8.5*) at det kan være ulemper med å nytte jakt i undervisning, da nokre elevar ikkje ete kjøt, og kanskje ikkje støtter å jakte dyr. Likevel peiker ein av lærarane som er positive til bruk av jakt på at det også finst alternativ i skogen. Altså ein kan hauste av bær, sopp, og liknande. Dette kan ein også kople til

berekraftsargumentet, da ein del vegetarianarar ikkje ete kjøt p.g.a. dyrevelferd i industriproduksjonen. Ein av lærarane (objekt nr. 3, sjå *vedlegg 8.5*) som er positive til bruk av jakt påpeiker blant anna at viltet har fått leve fritt heilt fram til det vart felt. Dette kan være med på å vise eller inspirere elevar til ein meir berekraftig livsstil, noko Sinnes (2021) meiner trengs.

Eit anna argument som blir brukt på begge sider, er etikk og jakt. Nokre lærarar gir uttrykk for at dei meiner det ikkje er etisk riktig å ta med elevar på jakt, mens ein lærar som ynskjer å nytte jakt ser moglegheit til å diskutere jakt og etikk ved bruk av jakt. Dei førstnemnte, meiner truleg at jakt er uakseptabelt i forhold til yrkesetikk eller generelt uetisk å jakte dyr, mens sistnemnte truleg er godt skolert i å behandle etiske problemstillingar, noko som dei fleste lærarane ifølgje Sjøberg (2009) ikkje er.

I metoden nemnde eg at ein risiko med frivillig spørjeundersøking er at kanskje berre dei som er mest interessert eller har sterkaste meiningar og haldningar vil svare. I delkapittel 5.3, såg vi at interesse ikkje nødvendigvis hadde mykje å seie for mi undersøking, da eg fekk in svar frå alle typar lærarar innan kategoriane i *kjennskap til jakt*. Det som likevel kjem fram i undersøkinga er at generelt sett er lærarane i undersøkinga ganske delt, altså at dei enten synes jakt i undervisning er topp, eller at dei meiner det ikkje er relevant eller skulens oppgåve. Dei som har positive haldningar til bruk av jakt, fokuserer stort sett på berre det som kan vere positivt med jakt i undervisning. Likedan kan vi sjå at dei som har negative haldningar til bruk av jakt i undervisning, generelt sett fokuserer berre på det som er negativt. Dette ser vi gjenspeglar seg i kodinga, som viser mykje grøn eller mykje raud koding på tema om jakt (sjå *vedlegg 8.5*).

I forhold NJFF (2020) sin statistikk om at jakt stort sett er akseptert i Noreg, kan vi sjå at undersøkinga gjenspeglar dette, altså at størstparten er positive til jakt. Likevel er ikkje prosentdelane like, då fire av dem nordmenn i følgje NJFF (2020) er positive til jakt generelt, og om lag to av tre (20 av 29) lærarar er positive til bruk av jakt i undervisning. Jakt i undervisning har ifølgje mine resultat mindre utbreiing enn jakt generelt, og dette er truleg grunna argument som dei som ikkje ynskjer å nytte jakt brukar. Eg har forøvrig ikkje undersøkt deltakarane sine haldningar til jakt generelt, og kan difor ikkje dra slutningar kring det.

Med ei slik undersøking som eg har nytta, kan ein drøfte både feilkjelder og kritikk av undersøkinga. Éi av feilkjeldene i denne undersøkinga, er blant anna kor vidt medlemmane i

Facebook-gruppene undersøkinga vart publisert i, er *gjennomsnittlege* eller ikkje. Facebook-gruppa «Uteundervisning i naturfag og naturbruk» er nok ikkje gjennomsnittleg når det gjeld uteundervisning, og kan truleg også være ei gruppe som generelt ser fleire moglegheiter med bruk av jakt i undervisning enn den gjennomsnittlege læraren.

Dersom eg skulle gjort undersøkinga på nytt, ville eg sørga for å få eit større tal på svar. Dét kunne eg truleg oppnådd med å sende undersøkinga til fleire rektorar, og spreidd undersøkinga på fleire grupper eller medium. Samstundes ville eg ha undersøkt korleis deltakarane sine haldningar til jakt generelt er, ikkje berre deira haldningar og meningar om jakt i undervisning, for å sjå om det er nokre samanhengar eller funn knyta til det.

6 Konklusjon og avslutning

For å svare direkte på problemstillinga, ut i frå drøftinga, kan ein konkludere med at størsteparten av lærarane som deltok i undersøkinga har positive haldningar til jakt i undervisning, og at det var eit stort omfang av argument for både å nytte og ikkje å nytte jakt i undervisning.

Lærarane som er positive til bruk av jakt i undervisning fokuserte på dei positive elementa i jakta, medan dei lærarane som er negative til bruk av jakt i undervisning er fokusert på dei negative elementa. Samstundes har vi sett at blant dei to gruppene, *vil* eller *vil ikkje nytte jakt i undervisning*, er det eit mangfald og stor variasjon i argumenta som er nytta. Altså at lærarane vektlegg ulike negative element og vektlegg ulike positive element i deira grunngevnad.

Nokre av argumentfunna i oppgåva var føreseielege, som til dømes at ein del av dei som ikkje vil nytte jakt i undervisning argumenterer med at våpen er uforsvarleg å nytte i skulen, då nokre elevar kan ha psykiske belastningar. Likedan var argumenta som kan knytast til læreplanen ganske føreseielege. Det som derimot overraska meg med funna, var nokre av enkeltstvara, som til dømes læraren som meinte slakteri var eit betre alternativ enn jakt. I tillegg vart eg overraska over korleis ein del av argumenta kan brukast på begge sider av debatten, som til dømes at bruk av jakt opnar for diskusjon rundt etikk, mens andre meiner at det ikkje er etisk riktig å ta med elevar på jakt.

I forkant av undersøkinga såg eg for meg at ein forholdsvis liten del av deltakande lærarar var positive til eller ville nytte jakt i undervisning, p.g.a. blant anna våpenargument. Men delen av lærarar som var positive til bruk av jakt var ein del høgare enn eg hadde føresett. Grunnar for dette kan være at eg ikkje har fått in svar frå ei «gjennomsnittlege» gruppe lærarar, eller det

kan være at lærarane rett og slett er meir opne for jakt, og ser moglegheiter med jakta, enn eg hadde trudd.

Resultata er heilt klart ikkje representativt for naturfaglærarar på ungdomstrinnet generelt, men berre representativt for akkurat dei 29 som svarte på spørjeundersøkinga. Når det er sagt, kan det nemnast at resultata kan fungere som ein peikepinn for kva for nokre haldningar og meiningar lærarar kan ha til bruk av jakt i undervisning, og kva for nokre argument som er aktuelle. Svara vil ikkje kunne generaliserast til å gjelde for alle naturfaglærarar.

For vidare forskning kan det være interessant å undersøkje korleis utbyte elevane reelt ville fått av å nytte jakt i undervisning, mot å ikkje nytte jakt i undervisning. Altså, undersøkje om lærarane sine argument for å nytte jakt i undervisning er reelle, og om dei er moglege å oppnå ved bruk av jakt. Det som også kan være interessant å undersøkje, er om jakt i undervisning ville gagna og blitt ei positiv oppleving for elevar med traumer, eller om det ville blitt fiasko. Korvidt ei slik undersøking er forsvarleg eller ikkje skal eg ikkje uttale meg om. Elevar sine haldningar og tankar kring jakt i undervisning hadde også vore interessant å få kartlagt.

7 Kjelder

- Amos, R. & Reiss, M. (2012, 03.). *The Benefits of Residential Fieldwork for School Science: Insights from a Five-year Initiative for Inner-City Students in the UK*. International Journal of Science Education.
https://www.researchgate.net/publication/233067958_The_Benefits_of_Residential_Fieldwork_for_School_Science_Insights_from_a_Five-year_Initiative_for_Inner-City_Students_in_the_UK
- Artsdatabanken. (2021, 24.11.). *Norsk rødliste for arter i 2021*. Artsdatabanken.
<https://artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021>
- FN-sambandet. (2022, 18.03.). *FNs berekraftsmål*. FN-sambandet. <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>
- Iversen, E. (2018). *Gjennomføring av uteundervisning i naturfag ved bruk av et didaktisk undervisningsdesign*. Norges miljø- og biovitenskapelige universitet.
<https://nmbu.brage.unit.no/nmbu-xmlui/bitstream/handle/11250/2577356/100425%20NMBU%20Iversen%20finished.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Kirkemo, O., Rom, K., Søylen, P., Nordal, O., Unsgård, J. H. & Frøstrup, J. C.. (2021, 12.09.). *Jakt*. Store Norske Leksikon. <https://snl.no/jakt>
- Klima- og miljødepartementet. (2021, 13.10.). *Rovdyr i Noreg*. Regjeringa.
<https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/naturmangfold/innsiktsartikler-naturmangfold/rovvilt-og-rovviltforvaltning/id2076779/>
- Kunnskapsdepartementet (2017). *Overordna del – verdier og prinsipper for grunnopplæringa*. Fastsett som forskrift ved kongeleg resolusjon. Læreplanverket for kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/?lang=nno>
- Miljødirektoratet. (2018a, 19.11.). *Jakt i Norge*. Miljødirektoratet.
<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/jakt-felling-og-fangst/jakt-i-norge/>
- Miljødirektoratet. (2018b, 09.08.). *Gaupe i Norge*. Miljødirektoratet.
<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/vilt/rovvilt/gaupe/>
- Miljødirektoratet. (2018c, 09.08.). *Jerv i Norge*. Miljødirektoratet.
<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/vilt/rovvilt/jerv/>
- Miljødirektoratet. (2018d, 09.08.). *Ulv i Norge*. Miljødirektoratet.
<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/vilt/rovvilt/ulv/>
- Nergård, T. (2015). *Undervisningsvariabler og elevenes holdninger til naturfag*. I Strømme, A. & van Marion, P. (Red.). *Biologididaktikk* (2. utg., s. 65-79). Cappelen Damm Akademisk.

- NJFF. (2020, 31.08.). *Nordmenn har aldri vært mer positive til jakt*. Norges Jeger- og Fiskerforbund. <https://kommunikasjon.ntb.no/pressemelding/nordmenn-har-aldri-vaert-mer-positive-til-jakt?publisherId=90159&releaseId=17889783>
- NOAH. (2021, 05.10.). *Dyrene trenger bedre vern – les NOAHs innspill om jakt- og fangsttider for 2022-2028*. NOAH – for dyrs rettigheter. <https://www.dyrsrettigheter.no/ville-dyr/ny-forskrift-om-jakt-og-fangsttider-for-2022-2028-pa-horing/>
- Rådet for dyreetikk. (2007, 16.12). *Uttalelse om jakt og viltforvaltning*. Rådet for dyreetikk. <https://www.radetfordyreetikk.no/uttalelse-om-jakt-og-viltforvaltning/>
- Sinnes, A. T. (2021). *Utdanning for bærekraftig utvikling; Hva, hvorfor og hvordan?* (2. utg.). Universitetsforlaget.
- Sjøberg, S. (2009). *Naturfag som allmenndannelse* (3.utg.). Gyldendal Akademisk.
- Staberg, R. L., Tandberg, C. & Grindeland, J. M. (2020). *Biologididaktikk for lærere*. Gyldendal Akademisk.
- Søreide, K.. (2020, 17.12). *Disseksjon*. Store medisinske leksikon. <https://sml.sn�.no/disseksjon>
- Utdanningsdirektoratet. (2020a). *Læreplan i kroppsøving (KRO01-05)*. Fastsett som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/kro01-05?lang=nno>
- Utdanningsdirektoratet. (2020b). *Læreplan i mat og helse (MHE01-02)*. Fastsett som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/mhe01-02?lang=nno>
- Utdanningsdirektoratet. (2020c). *Læreplan i naturfag (NAT01-04)*. Fastsett som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/nat01-04?lang=nno>
- Van Marion, P. (2015a). *Praktisk arbeid*. I Strømme, A. & van Marion, P. (Red.). *Biologididaktikk* (2. utg., s. 104-124). Cappelen Damm Akademisk.
- Van Marion, P. (2015b). *Feltarbeid*. I Strømme, A. & van Marion, P. (Red.). *Biologididaktikk* (2. utg., s. 125-145). Cappelen Damm Akademisk.
- Van Marion, P. (2015c). *Etikk, verdier og holdninger*. I Strømme, A. & van Marion, P. (Red.). *Biologididaktikk* (2. utg., s. 146-168). Cappelen Damm Akademisk.